



Trafikktryggleik i skulen for 1.-7. trinn

Rettleiar Trafikksikker skule er eit konsept utarbeida for å kvalitetssikra at skulen sitt arbeid med å skapa ein trafikksikker skule blir ivareteke med dei krav som lover og føreskrifter krev. Å bli godkjent som trafikksikker skule er ikkje ein garanti for at ulykker ikkje skjer, men skal vera eit kvalitetsstempel for godt og heilskapleg arbeid med vekt på trafikktryggleik.

1. For å bli godkjend må skulen leggja fram fylgjande dokumentasjon:

- Skriftleg stadfesting frå rektor på at alle kriteria er oppfylte.
- Årsplan der trafikk er integrert.
- Rutinar for turar til fots og med sykkel, bil og kollektivtransport.
- Oversikt som viser at trafikk er eit tema på foreldremøter, FAU møter og SU/SMU møter.

2. Samnanger barneskule:

Me er ein skule med om lag 220 elevar og 35 tilsette. Me er den einaste barneskulen i kommunen, og har SFO tilbud for elevar på 1.-4.trinn. Det er om lag 60 elevar som nyttar seg av SFO i dag. Kommunen er lang og med lange avstandar, så om lag halvparten av elevane kjem med buss. Busstoppa til skulen ligg i ei rundkøyring i ei 80-sone. Mange elevar må kryssa hovudvegen gjennom ein undergang under hovudvegen. Skulen har bussvakter kvar morgon og ettermiddag ved busstoppa. Me har og elevar som kjenner på at busstoppet ved heimen er utrygt, spesielt om vinteren med brøytekantar.

Skulen ligg ved ein kommunal barnehage, der føresette leverer og hentar barn. Skulen har og elevar som blir køyrt til og frå skulen av ulike grunnar. Alt dette skaper mykje trafikk i og rundt skulen. Ved skulen er det ikkje tilrettelagt for ein slik aktivitet. Kommunen er i gang med å utbetra dette. Det skal lagast ei hjertesone ved skulen. Det betyr trygge stader der elevane kan

bli levert og henta. Desse stadene skal ha god oppmerking og skilting, samt lys.

3. Kvifor lokal læreplan i trafikk? Trygg Trafikk tilrår at skular har ein lokal læreplan i trafikk for å sikra ei systematisk trafikkopplæring i tråd med Kunnskapsløftet og gjeldane føreskrifter. Skulen bør også ha ein tilsett som har ansvaret med å følgja opp, koordinera og kvalitetssikra trafikkopplæringa på dei ulike trinna. Avdelingsleiar 1.-4.trinn og 5.-7.trinn har denne rolla på vår skule. I tråd med forskrifta om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, skal einingane driva slik at ein kan førebyggja skader og ulukker. Rektor/einingsleiar er ansvarleg for at skulen sine rutinar for turar til fots, på sykkel eller med bil/buss, er godt kjent blant tilsette og at rutinane vert følgde.

4. Kunnskapsløfte, LK20 seier dette om trafikk:

I generell del av læreplanen står det blant anna: *«skolen skal ruste barn til å møte livets oppgaver og mestre utfordringer sammen med andre. Den skal gi hver elev kyndighet til å ta hånd om seg selv og sitt liv. Videre står det at opplæringen må tilføre holdninger og kunnskaper som varer livet ut og lære de unge å se framover og øve evnen til å treffe valg med fornuft.»*

Kompetansemål i kroppsøving etter 4. trinn

«Elevene skal kunne følge trafikkregler for fotgjengere og syklister.»

Kompetansemål i kroppsøving etter 7. trinn

«Elevene skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som fremkomstmiddel.»

Sjølv om kompetansemåla er lagt til faget kroppsøving tilrår Trygg Trafikk at trafikkopplæringa kan sjåast på som eit tverrfagleg emne, knytt til ulike fag. Trafikkrelaterte emner eignar seg godt å ta opp i t.d. KRLE, samfunnsfag og matematikk.

Grunnleggjande dugleikar i trafikkopplæringa:

Å kunna uttrykka seg munnleg og skriftleg:

- kunna forklara ord og uttrykk knytt til temaet trafikk.
- kunna formidla haldningar og inntrykk frå opplevingar, aktivitetar og oppgåver.
- kunna argumentera for trafikktryggleik.

Å kunna lesa:

- kunna lesa skilt i trafikken.
- henta, tolka og forstå informasjon frå faglege tekstar, t.d. frå opplæringsmateriell frå Trygg Trafikk.

Å kunna rekna:

- ha kjennskap til måleiningane meter, km, mil, sekund, minutt, time.
- kunna namn på ulike geometriske former knytt til skilt, og bruka enkel statistikk for å synleggjera teljingar og registreringar i trafikken.
- ha forståing for tid, lengd og avstand i trafikken.
- kunna registrera data og bruka statistikk for å synleggjera undersøkingar i trafikken. Nytt digitale verktøy i trafikkopplæringa. Bruka ulike oppgåver på nettet, knytt til temaet trafikk.

5. Foreldresamarbeid

Samnanger barneskule har som mål å leggja til rette for eit godt foreldresamarbeid rundt elevane sitt læringsmiljø. En del av læringsmiljøet er også skulevegen, skulen sitt uteområde og skulen sitt nærmiljø. Kvar haust skal fylgjande tema vera på alle foreldremøter og FAU – SU/SMU møter.



- Skulen inkl. SFO sin trafikksikringsplan med:
 - ✓ Rutinar for turar.
 - ✓ Skuleskyss.
 - ✓ Foreldrekyring: parkering og hente-og bringeplassar.
 - ✓ Føresette som rollemodellar.
 - ✓ Felles reglar for sykling til og frå skulen, utstyr knytt til tryggleik t.d. hjelm.

Aktuelle tema på foreldremøter på 1. – 3. trinn:

- **Trygg skuleveg.** Der ein får det til, bør elevane gå til skulen. Fysisk aktivitet og frisk luft gjev elevane meir opplagt på skulen. Er det fleire som går, blir det færre bilar på skulevegen. Det igjen gjev skulen sitt nærmiljø tryggare og trivelegare.
- **Gågrupper/følgeordningar.** Føresette kan samarbeide om å følge barna til skulen, kvar sine dagar, fram til barna er trygge på vegen.
- **Sykla saman.** Leggja til rette for godt foreldresamarbeid rundt sykling til skulen. Oppmuntra til at føresette syklar saman med barna sine til skulen, i alle fall fram til eleven meistrar syklinga godt.
- **Refleks.** Det er viktig at elevane brukar refleks i den mørke årstida. Refleksvest aukar sjansane til å bli sett og dermed også tryggleiken. Dette gjeld også i dagslys. Alle elevar på trinn 1 får refleksvest om hausten. Alle tilsette skal bruka vest når dei har inspeksjon eller går/syklar på tur.

Aktuelle tema på foreldremøter på 4. – 7. trinn:

- **Trygg bruk av sykkel.** Samnanger barneskule har hatt ein lang og god tradisjon rundt samarbeid med føresette for å setja ei felles aldersgrense for når elevane skal kunna sykla til skulen. Aldersgrensa var sett til start 5.trinn. Ei endring i forskrifta til opplæringslova §12-1. august 2015, slår fast at det er foreldra sin rett til å avgjera når deira barn kan sykla til skulen. I følgje regelverket kan skulen sitt ordensreglement framleis innehalda tilrådingar for trafikktryggleik. Våre ordensreglar legg vekt på tre grunnleggjande prinsipp:



- Du skal ta vare på deg sjølv
- Du skal ta vare på andre
- Du skal ta vare på ting

Dette føreset at elevane må kunna meistra sykkel og trafikkreglar, før dei kan sykla til og frå skulen. Dette er også tema på FAU møte/i samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet (SU/SMU)

- **Påbode utstyr på sykkel og sykkelhjelm:** Foreldra har ansvaret for at barna har sykkel i forskriftsmessig stand. Skulen må gje føresette beskjed i god tid når sykkel skal bli brukt i skuletida. Sykkelhjelm må alltid nyttast.
- **Trena på sykkel:** Skulen bør oppfordra føresette til å øva på sykling med barna, først på trygge områder utan trafikk og etter kvart i trafikken. Føresette og skulen må drøfta kva dugleikar og kunnskapar elevane treng for å sykla trygt til og frå skulen, og drøfta korleis ein saman skal ivareta dette. Her må ein sjå på nærområde eleven bur i og kva vegar elevane skal meistra.

6. Skulevegen

- Kommunen si ulykkesforsikring omfattar elevane også på skulevegen. Dette gjev kommunen eit ansvar for elevane sin tryggleik på skulevegen. I samsvar med Opplæringslova §7, har elevar som bur lengre unna skulen enn 2. km (1.kl) og 4.km (2.-10.kl) eller har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, rett til gratis skuleskyss.
- Det må vera avklart mellom skulen og kommunen kven som har ansvaret for sakshandsaminga av søknader om gratis skuleskyss. I dag ligg dette ansvaret på kommunalsjef Oppvekst.
- Skulevegane må bli vurdert og det må setjast inn skyss der vegen er for lang i høve til skyssgrenser, og der vegen er særleg farleg eller vanskeleg. Føresette må få informasjon om grunngevinga. Skulen nyttar enkeltvedtak i slike saker.
- Skulen skal i samarbeid med føresette, vurdere skulevegane og gje ei tilråding om når elevar kan sykla åleine til skulen.

7. Rutinar for transport og turar i skulen (inkl. SFO) sin regi:

Det skal gjennomførast ei risikovurdering og lagast rutinar på skulen med særleg vekt på:

- Buss: bruk av belte, tryggleik på haldeplass, kryssingspunkt.
- Bil: kor kan føresette og tilsette parkera, kor kan føresette stoppa for å ta opp eller setja av barn. Rygging bør ein unngå.
- Varelevering: ein skal ikkje køyra inn på skulen sitt område i skuletida. Dersom ein må vika frå regelen, skal ein ta spesielle omsyn til køyringa. Her må ein nytta tilsette som kan sikra at elevar ikkje kjem for nær.
- Når det skjer bygging og vedlikehald på skulen, i skulen sitt nærområde eller på skulevegen, må skulen i samarbeid med kommunen, føreta ei spesiell risikovurdering og eventuelt setja i verk tiltak. Alle tilsette, elevar og føresette skal ha god informasjon på førehand om eventuelle tiltak. Skulen nyttar informasjonskanalar som Visma Flyt skole og skulen si heimesida til dette.
- Rutinar må gjerast kjent for tilsette, føresette og elevar minst 1 gong pr år.

Turar til fots eller på sykkel

- Ansvarleg vaksen må bestemma kva rute som skal nyttast og kartleggja eventuelt vanskelege/farlege punkt. Sørgja for trygge oppsamlingsstader der elevane kan samlast før t.d. kryssing av trafikkert veg.
- Før kvar tur må ein vurdera kor mange vaksne som skal vera med på turen slik at tryggleiken for elevane blir i varetatt, her må både elevane sin alder og risiko for ulykker på den aktuelle vegen vektleggjast.
- Heimen og skulen si leiargruppe må ha informasjon i god tid før turen.
- Det skal alltid vera med fyrstehjelpsutstyr, mobiltelefon og elevliste med telefonnummer til føresette.



- Alle vaksne skal ha oversikt over tal elevar. Elevane skal teljast før avgang til og frå tur.
- Gå gjennom relevante trafikkreglar før turen med elevane. Ein vaksen går først og ein til sist. Dei vaksne har refleksvest. Elevane går/syklar på rekkje.
- Elevane på dei yngste trinna brukar alltid refleksvest. Dette aukar sjansen for å verta sett, også i dagslys.
- Elevar som syklar skal ha sykkelhjelm, og nytta ein sykkel som er i forskriftsmessig stand. Heimen er ansvarleg for å sjekka at sykkelen tilfredsstillar krava og må difor ha beskjed i tilstrekkeleg tid før tur for å sikra at den er i orden.

På tur med buss, minibuss eller taxi

- Trygg Trafikk tilrår at skulen som hovedregel nyttar innleigd transport med yrkessjåførar på turar. Alle elevar skal sikrast etter gjeldane forskrift under turen.
- Bestilla bussar med belte til alle.
- Setebeltet skal brukast under heile bussturen.
- Skulen og heimen arbeider kontinuerleg med at elevane skal forstå kor viktig ein god oppførsel på haldeplassen og på bussen er. Alle vaksne er rollemodellar her.

Bruk av privatbilar

- Trygg Trafikk tilrår at det ikkje blir nytta privatbilar med føresette eller tilsette som sjåførar på turar. Dersom ein ikkje kan unngå dette, skal skulen sikra eit forsvarleg tilsyn med transporten og ha samtykke frå føresette.

Bussregle:

*Baken på setet,
sekken på fanget,
belte på!
No kan bussen gå.
Om no bussen skulle velta,
sit me tryggare med belta!
Baken på setet,
sekken på fanget,
belte på!
No kan bussen gå.*

8. Trafikkopplæring 1. – 3. trinn

Kompetansemål i kroppsøving etter 4. trinn:

Elevane skal kunna følgja trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar.

Læringsmål	Forslag til aktivitet	Vurdering
<p>Eleven oppfører seg trygt og sikkert på bussen og på busshaldeplassen, og kan forklara kvifor han skal oppføra seg på den måten.</p> <p>Eleven veit kvifor det som regel er tryggast å gå på venstre side.</p> <p>Eleven viser i ei gåprøve at han kan kryssa ein veg på rett stad og på rett måte og kan forklara vala han gjer.</p> <p>Eleven brukar alltid refleks i den mørke årstida og kan forklara korleis refleksen verkar.</p> <p>Eleven kan gå trygt i ei stor gruppe i trafikken, og kan fortelja om dei spesielle utfordringane med å gå i gruppe.</p>	<p><u>Trafikkboka fra Trygg Trafikk</u> Kap 1 Den viktigaste trafikkregelen Kap 2 Gå i trafikken Kap 3 Syn og høyrslse Kap 4 Refleks Kap 5 Vinter Kap 6 Buss Kap 7 Trafikkskilt Songar s. 68-72 Eventyret om trafikkreglane s. 73</p> <p><u>Tryggtrafikk.no/skole</u></p> <p>Elevoppgåver og samtalebilete til Trafikkboka</p> <p><u>Salaby, gyldendal:</u></p> <p>Trafikktema med ulike oppgåver, filmar</p> <p><u>Eigen skuleveg</u></p> <p>Går du den tryggaste vegen? Lekse å</p>	<p><u>Underveisvurdering:</u></p> <p>Tilbakemelding på oppførsel på turar.</p> <p>Munnlege tilbakemeldingar når ein er i situasjonar.</p> <p>Samtaler med elevane om deira og andre sin oppførsel i trafikken.</p> <p>Gåprøve</p> <p>Teikna/måla skilt</p> <p>Trinn 3 kan fortelja t.d. til medelevar og/eller til elevar på trinn 1 og 2, om reglar i trafikken.</p>

<p>Eleven veit kva trafikkskilta i skulen sitt nærmiljø betyr og kan forklara kvifor dei står der.</p> <p>Eleven kan forklara viktige forskjellar på reglar for fotgjengarar og syklistar.</p>	<p>merka opp den tryggaste vegen til skulen på eit kart. Elevane får oppfordring om å bruka refleks til og frå skulen, gjerne og som konkurranse med premiering.</p> <p><u>Praktisk trening i skulen sitt nærrområde</u></p> <p>Lage gåløypa i trafikken. Løypa kan innehalda teoretiske- og refeksjonsoppgåver.</p> <p><u>Bruk refleks</u></p> <p>Reflekskampanjar</p> <p>Bruka skjønnlitteratur og filmar for å setja fokus på temaet.</p>	<p>Telja og føra statestikk over t.d. refleksbruk.</p>
--	--	--



9. Trafikkopplæring 4. -5 trinn

Kompetansemål i kroppsøving etter 4. trinn:

Elevane skal kunna følgja trafikkreglar for fotgjengarar og sykkistar.

Kompetansemål i kroppsøving etter 7. trinn:

Elevane skal kunna praktisera trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.

Læringsmål	Forslag til aktivitet	Vurdering
<p>Eleven veit kva trafikkskilta i skulen sitt nærmiljø betyr og kan forklara kvifor dei står der.</p> <p>Eleven kan forklara viktige forskjellar på reglar for fotgjengarar og sykkistar.</p> <p>Eleven bruker hjelm som sit rett på hovudet og kan gje ei grunngeving for kvifor ein bør halda fram med å bruka hjelm både som ungdom og som vaksen.</p> <p>Eleven kan fortelja om risikoen med å ikkje bruka påbode utstyr på sykkel.</p> <p>Eleven meistrar dei tekniske dugleikane som ein krev for å ferdast trygt på sykkel i trafikken, både åleine og i gruppe.</p> <p>Eleven viser i ei</p>	<p><u>Trafikkboka frå Trygg Trafikk</u> Kap 8 Sykkel Elevoppgåver og samtalebilete på www.tryggtrafikk.no/skole</p> <p>Teorioppgåver frå digitalt materiell på: www.tryggtrafikk.no/skole</p> <p>Påbode utstyr og sykkelhjelm Trafikkreglar Trafikkskilt Vikeplikt Sykling i vegkryss</p> <p><u>Trening på og ved skulen:</u></p> <p>Trena på å meistra sykkelen. Ei dugleiksløype på skulen bør innehalde: balanse, kunna snu hovudet, stoppa, gje teikn.</p> <p>Leiga inn Sykkelkida med deira opplegg.</p> <p>Forslag til øvingar på skulen og i trafikken: sjå www.tryggtrafikk.no/skole</p> <p>Sjå filmar til sykkelprøven på tryggtrafikk.no/skole</p> <p><u>Trena i trafikken</u></p> <p>Visa øvingar på sykkelen i praksis ute i</p>	<p>Undervegsvurdering:</p> <p>Meistra sykkelen på korte turar i nærmiljøet</p> <p>Trena på dugleiksløypa</p> <p>Trena i trafikken</p> <p>Munnlege tilbakemeldingar Samtaler med elevane om trafikk.</p> <p>Refleksjon i fellesskap om eigen og andre si åtferd i trafikken</p> <p>Sykelprøva med teoriprøve Sykkelkontroll</p> <p>Sykelprøva i trafikk Teoriprøva kan ein ta på www.sykelproven.no</p>

<p>sykkelprøve og på tur at han har haldningar og dugleikar som ein krev for å ferdast trygt i trafikken både åleine og i gruppe.</p>	<p>trafikken. På 4. og 5. trinn blir det lagt øvingar i enkel trafikk og det blir lagt vekt på å gjera dei trygge vala undervegs. T.d. trilla sykkelen over gangfelt.</p> <p><u>Andre aktivitetar</u></p> <p>Laga enkel statistikk ved å telja trafikantar Laga søylediagram. Reflekskampanjar/haldningskampanjar. Spørjeundersøkingar Laga forteljingar Laga skilt Laga trafikkart for nærområde med skilt, lys, fortau etc.</p>	
---	--	--




10. Trafikkopplæring 6. – 7. trinn

Kompetansemål i kroppsøving etter 7. trinn:

Elevane skal kunna praktisera trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.

Læringsmål	Forslag til aktivitet	Vurdering
<p>Eleven brukar hjelm som sit godt og rett på hovudet og kan gje ei grunngeving på kvifor ein bør halda fram med å bruka hjelm både som ungdom og som vaksen.</p> <p>Eleven kan fortelja om risikoen med å ikkje bruka påbode utstyr på sykkel.</p> <p>Eleven meistrar dei tekniske dugleikane som ein krev for å ferdast trygt på sykkel i trafikken, både åleine og i gruppe.</p> <p>Eleven viser i praksis (på turar og på skuleområde) at han har rette haldningar og dugleikar som ein krev for å ferdast trygt i trafikken både åleine og i gruppe.</p>	<p><u>Materiell på tryggtrafikk.no/skole</u> Påbode utstyr og sykkelhjelm Trafikkreglar Trafikkskilt Vikeplikt Sykling i vegkryss Sykkeltrening ute Trening på sykkel i krevjande og variert trafikkmiljø.</p> <p><u>Andre aktiviteter:</u> Føra statistikk, laga intervju på ulike trafikkundersøkingar. Reflekskampanjar og test på kvalitet av refleks. Lage eigne refleksar i kunst og handverk. Filmar med tema trafikktryggleik. Bøker om tema. Tverrfaglege prosjekt. Laga opplegg for yngre elevar på skulen (t.d. fadderklassen)</p>	<p><u>Undervegsvurdering:</u></p> <p>Samtaler om haldningar og dugleikar kring trafikk.</p> <p>Visa god åtferd på buss og på busshaldeplass.</p> <p>Gjennomføra ei sykkelløype med dugleikar ein krev av elevane på dette trinnet.</p> <p>Munnlege tilbakemeldingar.</p> <p>Refleksjon og drøfting om situasjonar ein kan koma opp i, knytt til trafikktryggleik.</p>



11. Materiell frå Trygg Trafikk


Trygg Trafikk har et særlig ansvar for at trafikkopplæring og informasjon om trafikksikkerhet blir gjennomført som eit ledd i ein samordna innsats mot trafikksikkerhet. Som ein del av denne innsatsen utviklar Trygg Trafikk skriftleg og digitalt materiell tilpassa gjeldane læreplan.

1. – 4. trinn: Trafikkboka

- Trykt materiell: <http://nettbutikk.tryggtrafikk.no/>
- Digitalt materiell: elevoppgåver og samtalebilete på <http://www.tryggtrafikk.no/skole>

4. – 7. trinn: Sykkelmateriell

- Trykt materiell: <http://nettbutikk.tryggtrafikk.no/>
- Digitalt materiell: <http://www.tryggtrafikk.no/skole>
- Demonstrasjonshjelm: <http://nettbutikk.tryggtrafikk.no/skole/eggjelm.html>



Filmar finst på Trygg Trafikks youtube-kanal:

<https://www.youtube.com/TryggTrafikkNorge>

- Sykkelopplæring – foreldrefilm om sykkelsjekk
- Sykkelopplæring – foreldrefilm om praktiske øvingar
- Sykkelfilm - sykla saman
- <https://sykkeldyktig.no/>

Nedlastbare brosjyrar finst på: <http://www.tryggtrafikk.no/brosjyrer/>

- 6-åringar på skuleveg – råd til foreldre om trafikktryggleik på skuleveg
- Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg – rettleiar ved vurdering av skuleveg
- Til FAU – trafikkopplæring og trafikktryggleik i skulen
- Sikker skuleskyss – råd om skuleskyss
- Sykle til skulen – informasjonsbrosjyre med tips og råd